



Julegrana vert tent 2.desember.

Julegrantenninga vert fredag 2. desember. Dameevenene er tilskipar. Musikklaget monterer lys og står for musikken når straumen vert sett på nøyaktig kl. 17. Det er som vanleg julemarked med sal av lokale produkt i Helgheim og på plassen ute. Nytt i år er soknerådet sitt tilbod om engleverkstad i kyrkja.

Elin Enes frå Dameevenene melder frå om at dei, som har noko å selja, må ta kontakt på mobil: 470 12 125. Det kan også vera lag og organisasjonar som vil ha lotteri eller anna inntektbringande tiltak.

Julemarkedet tek til i Helgheim kl. 16. I Helgheimskjellaren vert det sal av julegraut. Kaffi og kaker får du i Gamleskulen. Ute på plassen er det sal av julenek. Svanhill Haugland og Nelly Kjærland er ansvarlege for engleverkstaden i kyrkja., som tek til etter grantenninga er ferdig, i 17.30 tida. Tilbodet er gratis.

Arrangøren oppmodar alle ta med nisselue og ha den på seg når Børsdalsnissen kjem med små gåver til borna.

Det er 54. gang Julegrana vert tent. Frå ho vart tent første gongen i 1963 har Uskedal musikklag sytt for at den har vorte tent kvart år.



[Børsdalsnissen har lova å koma i år også. Tekst/nett:](#)

Kristian Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen